



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2022/4247-37	«REF»	18.03.2025

Ber om uttale - dispensasjonssøknad frå LNF-føremålet i KPA - 104/1 og 251/19

Kvinnherad kommune har 17.02.2025 journalført søknad om midlertidig og permanent dispensasjon for tiltak i samband med rehabilitering av damanlegg Staffivatn. Det er søkt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for Kvinnherad 2016-2026.

Søknaden gjeld;

- Endra og permanent plassering av ca 210 meter veg ned til utlauf av overløpstunell.
- Endra plassering av midlertidig massedeponi, no på eigedom 251/19


Planstatus:

LNF område i kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 -arealdelen (KPA).

Kartutsnitt som viser del av eigedom 104/1 der permanent veg er tenkt etablert



Kartutsnitt som viser eigedom 251/19 som er tenkt nytta for midlertidig massedeponi:




Tiltaket:

Forvaltningsutvalet har i sak 2024/4 (ref. saksmappe 2022/4247) gitt dispensasjon til tiltak ved dam Staffivatn. Seinare har det kome fram ynskje om ei anna løysing for anleggsveg og midlertidig mellomlagring av massar ved dam Staffi. Desse endringane krev ny dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan i Kvinnherad for midlertidig massedeponi og permanent tilkomstveg.

Opplysningar i søknaden:


Tidligere tillatelse omfattet å bygge en ca. 600 meter lang midlertidig anleggsvei fra Bjørnebølsbrakka til utløp av flomsløpstunnel nedstrøms hoveddammen.

En ønsker nå å bygge veien fra nordsiden av hoveddammen fra Blådalvegen, nedover den sørvendte lia til utløpet av overløpstunnelen ved damfoten til hovuddammen. Den nye veien blir omtrent 210 meter lang og 4 meter bred. Veien blir bratt (ca. 1:5), men den vil være farbar for anleggsmaskiner og forhjulsdrevne kjøretøy. Planlagt plassering av veien i terrenget er vist i vedlagt revidert arealbruksplan. Vi gjør oppmerksom på at nøyaktig plassering av veien vil bli gjort i samråd mellom byggherre og entreprenør med sikte på minst mulig terrenginngrep og masseflytting. Det kan derfor bli mindre justeringer av veilinja som er vist i arealbruksplanen. I godkjent detaljplan for miljø og landskap er det lagt til grunn at veien skal fjernes etter bruk. I revidert forslag legges det opp til at veien blir permanent.



En konsekvens av flytting av veien, er at det midertidige massedeponiet ved Røytehølen utgår, og blir erstattet med et midlertidig massedeponi ved avkjøring til Staffi kraftverk, ca. 300 m sør for damanlegget ved Staffivatn. Ved å flytte massedeponiet, unngår en å berøre arealer som i dag er urørt. Ny plassering av massedeponi er i hovedsak allerede berørte arealer. Ny plassering for massedeponi er også avsatt som permanent massedeponi for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Konesjonssøknaden til Blåfalli Fjellhaugen kraftverk har fått positiv innstilling fra NVE, og ligger til behandling hos Energidepartementet.

Utsnitt av situasjonsplan veg:



Utsnitt av lengdeprofil veg:

Utsnitt av situasjonsplan for midlertidig massedeponi:



Det kjem elles fram av søknaden at den største føremonen ved endringsforslaget er at ein unngår inngrep i myra mellom Bjørnebølsbrakka og Røytehølen. Sjølv om inngrepet berre er meint å vere mellombels, kan istandsetjing av myr vere krevjande. Ein unngår òg inngrep i det sidebratte området ved Røytehølen. Her er det snakk om noko sprenging i fjellet og ein del utfylling i Røytehølen. Også her skal vegen fjernast, men nokre sår i terrenget vil stå att pga. fjellsprenginga. Planlagt område for mellombels massedeponi ved Røytehølen vert flytta frå eit urørt naturområde til eit område som alt er delvis sprengt ut og delvis fylt ut.

Multiconsult har gjort ei vurdering av biologisk mangfald for endringane av vegtraseen og vurdert denne mot opphavleg løysing og skriv mellom anna slik: *Opprinnelig skulle anleggsveien gå over myra vest for anlegget. I detaljplanen for miljø og landskap er dette angitt som «alternativ 2», med en strekning på 600 m. Dette ville gitt et langt større arealbeslag enn det nye alternativet for anleggsvei og ville gått over ei myr. Det er mulig at en slik vei ville krevd utgraving av myra, som ville hatt negativ effekt på både klima og naturmangfold. Endringen vurderes vesentlig bedre for påvist biologisk mangfold, med de usikkerheter som er nevnt. Data- og kunnskapsgrunnlaget ville hatt vesentlig mindre usikkerhet dersom det ble gjennomført en befaring av området. Det er lagt vekt på at det forrige alternativet trolig ville ha påvirket det biologiske mangfoldet mer negativt.*

Det vert vist til søknaden for vidare grunngjeving av dispensasjonssøknaden.

Naturmangfald:

Der tiltak råkar naturmangfaldet er det etter naturmangfaldslova § 7 stilt krav om at prinsippa i §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. I tråd med § 8 skal saka vurderast etter eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Kommunen legg til grunn at det på staden ikkje er naturmangfald som krev nærare vurdering etter §§ 9-12.

Kulturminne:

Det er ikkje registrert kulturminne innom tiltaksområde.

Nabovarsling:

Naboar og gjenbuuarar er lovleg varsla. Nabo på gbnr. 104/5 skriv at dette ser betre ut enn førre alternativ og stiller seg positiv til alle forslag som medføre mindre inngrep i naturen. Ber om varsling til dømes på SMS når det skal gjerast sprengingsarbeid eller liknande.

Det er vist til at grensen på eigedom ikkje stemmer med skjøte. *(Ifht dette varselet har det liten praktisk betydning, men kommunen kan gjerne notere seg dette.)*

Ansvarleg søkjar sin kommentar til merknaden:

Tiltakshavar stille seg positiv til å varsle ved SMS ved sprengningsarbeid. Tiltakshavar følg opp varsling mot entreprenør og eigar av gnr. 104 bnr. 5.

Administrasjonen sin merknad:

Om det er usemje med grenser på kart må ein ta kontakt med kommunen si oppmålingsavdeling som vil rettleie til vidare behandling med ev. grenseoppgang.

Lovheimel:

Det planlagde tiltaket krev dispensasjon etter pbl § 19-2 frå føremålet i gjeldande kommuneplan. Dersom det skal gjevast dispensasjon slik at arealet skal kunne brukast til omsøkt formål, må omsynet bak reglane det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålet til lova, ikkje verta vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

NVE har godkjent endring i *Detaljplan for miljø og landskap* i skriv datert 25.02.2025. Her skriv dei mellom anna:

Grunngjeving for særskilde godkjenningvilkår

Ny veg ligg noko bratt og kupert til og planen har etter måten lite spesifikk beskriving av den endelege vegen sitt landskapsarkitektoniske sluttresultat, noko som er sær viktig i eit mykje nytta område. NVE vil under inspeksjon legge stor vekt på at vegframføringa og det endelege resultat er best mogeleg. Vi har funne grunn til å sette vilkår knytt til dette.

Kommunen er einig med vurderinga til NVE at vegen sitt landskapsarkitektoniske sluttresultat vil vere sær viktig for å kunne forvare etablering av denne permanente vegen som erstatning for den tidlegare midlertidige vegen som delvis var planlagt over myr. Utfordringane med å etablere midlertidig veg over myr kan nok vere utfordrande, men dette var sett på som løyseleg og skulle vere lite synleg i etterkant av tilbakeføringa. Den permanente vegen vil bli liggande der.

Kommune har i etterkant av innsendt søknad motteke lengde- og tverrprofil av vegen som er vedlagt oversendinga. Profila viser at den permanente vegen vil verta markant i landskapet og det vil til dels vere både store skjeringar og fyllingar. Dei skriv i tillegg i innsendinga at det er fokus på å tilpasse vegen til stadleg terreng under bygging.

Dispensasjonssøknaden vil verta tatt opp til behandling etter at høyringsuttalane føreligg. Kommunen ber såleis om Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune si uttale til saka.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Brevet er sendt til:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune

Vedlegg:

- Søknad journalført 17.02.2025
- NVE; Godkjenner endring i Detaljplan for miljø og landskap 25.02.2025
- Lengdeprofil ettersendt 06.03.2025
- Tverrprofil ettersendt 17.03.2025